

Årsmelding 2021 - MDG Vang

Årsmøte

Laget heldt sitt årsmøte den 17. Mars 2021 på Åsvang samfunnshus, med 7 medlemmar tilstades. Følgjande styre vart valt.

- Bjørn Nylander - Leiar
- Derk Stegwee - Kasserar
- Marte Tangen - Sekretær
- Tor- Evert Grøndahl Johansen
- Marita Østborg

Aktivitet i 2021

Laget hadde 14 medlemmar i 2021.

18. april hadde vi ei samling som også var open for andre i skogen til Bjørn, med matservering og diskusjonar om skogen sin rolle for biologisk mangfald og klima.

1. juni hadde styret digitalt styremøte.

10. august kom stortingskandidat Karina Ødegård til Vang for å sjå på skadene i Hensfjellet og Hensgardane etter styrtregnet. Karina var førstekandidat på Oppland si liste til stortingsvalet i 2021.

I august møtte Vang MDG igjen Karina, denne gongen ved Bygdin. Her fekk ho kjennskap til aktiv stølsdrift, og innsikt i ein høgt trafikkert innfallsport til Jotunheimen nasjonalpark der mange ulike interessefelt møtast. Vang kommune har i 2020 vedteke Behandling av planprogram - detaljregulering Bygdin. Ei viktig oppgåve blir å sjå på korleis ein kan planlegge for dei ulike interessene ved Bygdin.

Laget hadde ambisjonar om å vere aktive i stortingsvalkampen, men dette vart noko amputert då facebookside vår vart stengt ned. Vi jobba for å få den gjenopprett men det lykket ikkje. Vi hadde eit lesarinnlegg i Avisa Valdres, og delte ut flygeblad i alle postkasser.

Lokalpolitisk arbeid

Erlend Eggen har vore MDG sin representant i kommunestyret i Vang.

Ida Østvold har vore MDG sin representant i hovedutval for utvikling i Vang kommune.

Marita Østborg har vore MDG sin representant i Vang Energiverk. Marita har og møtt for Ida i hovedutval for utvikling.

Erlend har også site i kontrollutvalet, med Bjørn som vara. I 2021 har det vore både fysiske og digitale møte i kommunestyret, hovedutval, energiverket og kontrollutvalet.

Kommunestyret har gjort ei rekke vedtak gjennom året, under følgjer ei kort oppsummering av eit utval saker som har skapt debatt.

Det politiske engasjementet i Vang er til tider stort, med artikkelserien Hytteparadokset vart det skapt mykje engasjement i Valdres og Vang. Debatten gjekk i Avisa Valdres og på Facebook. MDG tok del i debatten med leserinnlegg og intervju.

Debatten kan sjåast i lys av mange mindre saker som har kome opp i kommunestyret som handlar om hytte- og leilighetsbygging i fjellet. MDG Vang har prøvd å halde ei konsekvent linje i slike saker i kommunestyret dei siste 6 åra. I 2021 har det vore fleire utbyggingssaker i kommunestyret, mellom anna på Eidsbugarden, i Raudalen, Grindafjell (Solsteinslie Vest), og Nystuen. MDG Vang har i alle desse sakene argumentert mot vidare utbygging. I tillegg til desse enkeltsakene har kommunestyret i Vang vedteke kommunedelplan for Tyinkrysset, med tilslutning frå MDG Vang. Lokallaget har heile vegen bede om ein større prinsipiell debatt knytt til hyttebygging og konsekvensane som kjem av dette. Laget har òg bede om at kommunen ser nærare på arealnøytralitet og kva følgjer dette vil ha for kommunen.

MDG Vang har engasjert seg for ei livskraftig bygd og ivra for ny rammeplan for vatn og avløp i Vang. Ei viktig investering for folk som allereie bur i Vang, eller for dei private aktørane som tilbyr bustadtomt, ferdige bustader, eller leiligheiter i nærleiken av Vang sentrum.

MDG Vang har engasjert seg i Gnist-programmet som Vang kommune var ein del av i 2020 og 2021. Gnist-programmet hadde som mål å invitere private aktører til å koma med kreative innspel til sentrumsutviklinga i Vang. Gnist-programmet tok òg føre seg framtida til Grindaheim hotell.

Grindaheim hotell har i ei årrekke vore drive som asylmottak. Asylmottaket har vore ein hjørnestein i Vang kommune på mange område; eit auge mot verda, ein sosial møteplass mellom ulike menneske, eit langsiktig integreringsprosjekt, ei trygg hamn for dei som bur der, og ein interessant og viktig arbeidsplass i Vang kommune. I 2021 vart asylmottaket stengt.

Vang kommune vedtok i desember budsjett for 2022 og økonomiplan 2022-2025. Nytt av året er at Vang kommune har teke i bruk Framsikt, eit digitalt verktøy som gjer det enklare for tilsette, politikarar og innbyggjarar å følgje med på budsjettvedtak og prioriteringar. MDG Vang hadde fleire innspel til budsjettet og fekk følgjande tilleggsvedtak med i saka;

1. Det skal i løpet av våren gjennomførast ei evaluering av bustadfelt i Ryfoss
2. Føringane for næringstilskot skal avspegle FN sine bærekraftsmål.

MDG Vang held ei tydeleg kommunikasjonslinje i møter og utval, vi blir omtala regelmessig i avisa og har ein tydeleg profil i dei sakene vi tar del i. Det kjem mange positive tilbakemeldingar frå folk som les referat frå kommunestyremøte eller andre innlegg i avisa.

Vedtatt på årsmøte 28.4.2022